

## Vedlegg 6: Fordeling av tilskot til levande byer og stader i Vestland, 2021

Føremålet med tilskotsordninga er å skape gode rammer for kvardagslivet i byar og stadar i Vestland. Ordninga skal bidra til kommunane sitt arbeid med å skapa sentrum og nærmiljø som stimulerer til trivsel, aktivitet og møte mellom folk. Kommunar i Vestland fylke kan søke. Søknadsfrist 30. april 2021.

Tittel	Søkar	Søkt om	Innvilga	Skildring
«Skulen i den trivelige tettstaden»	Austevoll	kr 400 000	kr 400 000	Kommunen ønskjer Storebø skule skal vera ein aktiv og medverkande part i tettstadutviklinga, for å skapa eit sentrum og nærmiljø som stimulerer til trivsel, aktivitet og møte mellom folk.
«Førde attende på tettstadkartet»	Sveio	kr 200 000	kr 200 000	Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, og invitere til prosess med aktiv og deltagande medverknad frå lokalsamfunnet med mål om å snu negativ folketalsutvikling.
«Eit samfunn der det er godt å bu og leve for alle – heile livet.»	Aurland	kr 950 000	kr 425 000	Skape eit sentrumsområde som er tilgjengeleg, inkluderande og universalt utforma, med attraktive møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar. Samskaping og medverknad.
«Eit levande sentrum i Hyllestad»	Hyllestad	kr 350 000	kr 200 000	Sentrumsutvikling i Hyllestad gjennom brei involvering og fagekspertise. Fokus på sosial berekraft, folkehelsemål, biologisk mangfald, blågrøne strukturar sett saman med staden sin identitet og sær preg
«Med hjarta for Samnanger»	Samnanger	kr 722 500	kr 400 000	Skape aktivitet og identitet i Samnanger og Tysse gjennom møteplassar.
«Kunnskapsgrunnlag Sæbøtangen»	Høyanger	kr 125 000	kr 125 000	Kunnskapsgrunnlag for utvikling av Sæbøtangen i Høyanger sentrum.
«Fra parkering til park i Kleppestø»	Askøy	kr 1 040 000	kr 370 000	Utforming av inkluderande og opne møteplassar i Kleppestø sentrum, med mål om å generere større engasjement for sentrum, skape tilhøyre og bygge identitet. Medverknad står sentralt.
«Jonsok heile året – utan båll!»	Bømlo	kr 200 000	kr 200 000	Kommunen vil ta med seg fellesskapskjensla og dugnadsånda frå jonsok inn i sentrumsutviklinga. Bømlatradisjonar, vakker natur og bruk av møteplassar på nye måter i ei ny tid.
«Bygdelab»	Sogndal	kr 800 000	kr 245 000	Kommunen skal etablere bygdelabbar i tettstadene Kaupanger, Leikanger, Balestrand og Sogndal. Innbyggjarar skal inkluderas i moglegheitsstudium for sentrumsområda i kommunen og i andre plan- og utviklingsprosesser.

«Gåstrategi for Alver»	Alver	kr 300 000	kr 300 000	Kommunen ønskjer å finne dei grøne mobilitetsløysingane for innbyggjarane i ein bilbasert kommune. Tverrfagleg arbeid, som etterfølgjer tidlegare arbeid med Sykkelstrategi og Friluftslivets ferdsselsårer.
«Saman om Aktivitetsgate 1»	Kinn	kr 500 000	kr 400 000	Forprosjekt for opprusting av Gate 1 på Måløy, med fokus på samskaping og kulturell byplanlegging. Fysisk tilrettelegging og aktivitetsretta tiltak for å sikre heilskapleg byutvikling.
«Grøne møteplassar – Saman om eit levande sentrum»	Stad	kr 1 220 000	kr 400 000	Kommunen ønsker å utvikle Nordfjordeid til eit enda meir livskraftig og attraktivt sentrum, prega av staden sin eigenart og identitet gjennom «urbant landbruk». Kartlegging og konkrete tiltak.
«Gatebruksplan for Osøyo regionsenter»	Bjørnafjorden	kr 400 000	kr 200 000	Utarbeiding av gatebruksplan som regulerer overordna fysisk utforming av nye byrom, herunder torg og park.
«Lonevåg for alle»	Osterøy	kr 310 000	kr 310 000	Ein ope og tilgjengeleg park, med fokus på møteplassar og aktivitetar for ungdom. Medverknad er sentralt.
«Sprek og frisk i Ulvik sentrum»	Ulvik	kr 200 000	kr 200 000	Transformasjon av asfalterte parkeringsplassar til møteplassar for menneske. Ein ønskjer å utvikle ein heilskapleg plan for sentrum, samt ha utprøving av mellombelse installasjonar. Mål om brei medverknad. (Delvis støtta frå stadutvikling med 200 000 kr, og delvis støtta frå folkehelse med 225 000 kr.)
«Medverknadsprosessar i planarbeid, med utgangspunkt i borgarinitiativ og kreative prosessar»	Bergen	kr 100 000	kr 100 000	Kommunen vil arrangere to verkstader for medverknad i samband med «strategisk planprogram for Åsane sentrale deler»: 1 -Mobilitet i Åsane; 2 - Mellombelse byrom og aktivitetsarenaer

Totalt utgjer 16 tilsegn til søknader til «Tilskot for levande byer og stader i Vestland 2021» kr 4 475 000.